

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2184 - 14/6761

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

25.03.2014

## MARIHØNA BARNEHAGE - TILSYNSRAPPORT 2014

Den 21.03.14 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." i Marihøna barnehage.

Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert.

Styrrar Gunn Skjerping Knudsen møtte for verksemda.

### ➤ **Tilsyn**

Det er for tida 37 barn i Marihøna barnehage.

Barnehage har eit netto leike- og opphaldsareal på 180 m<sup>2</sup>. Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 5,3 m<sup>2</sup> for barn under 3 år. Barnehagen har dermed eit stort nok areal til å kunne ta i mot 45 barn over 3 år (evt. 34 barn under 3 år).

### **§ 4; Ansvar. Internkontroll**

Denne er tilfredsstillande.

### • **Avvik som vart påpeika**

### **§ 9; Utforming og innreiing**

1. Lause leidningar og snorar til smålappar, telefon og rullegardin må festast.
2. Kjøkkenskåp er slitt og deler fell frå kvarandre. Kjøkkenskåp må reparerast eller bytast.

### **§ 12; Psykososiale forhold**

3. Barnehagen jobbar aktivt med barna og har gode rutinar, men manglar skriftleg prosedyre for handtering av eventuelle hendingar.

### **§ 13; Reingjering og vedlikehald**

4. Verksemda manglar skriftleg dokumentasjon på at hovudreingjering er utført.

### **§ 14; Tryggleik og helsemessig beredskap**

---

#### **Post**

postmotak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### **Kontakt**

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 57 70

Telefaks +47 56 37 50 01

5. Det er ikkje tilfredsstillande fallunderlag ved skute og bil på uteleikeområdet. Leikeplassutstyret og fallunderlag må kontrollerast og vedlikehaldes etter *Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr* og Norsk standard NS-EN 1176 og NS-EN 1177. Verksemda skal ha dokumentasjon på at årleg kontroll er utført.

➤ **Vedtak**

- Avvik nr. 1, 3 og 5 må rettast innan 01.05.14.
- Avvik nr. 2 er kostnadskjevande og må innarbeidast i barnehagen si handlingsplan.
- Avvik nr. 4 må rettast ved neste hovudreingjering.

I samband med pålegget viser ein til Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Miljøretta helsevern ønskjer tilbakemelding frå verksemda når manglane er retta opp.

Dersom det er spørsmål i samband med denne saka, ring gjerne Miljøretta helsevern på 56375770 / 95019609.

Med helsing

Tord Moltemyr  
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Rådmann  
Utval for levekår  
Jens Dahl

**Mottakere:**

Marihøna barnehage  
Meland kommune

5918

FREKHAUG